Revidering av forskrift om skulereglar for grunnskulane, Vaksdal kommune, Vestland

Dato:
Ikrafttredelse:
Gjelder for: Vaksdal kommune, Vestland
Hjemmel: LOV-2023-06-09-30-§10-7
Kunngjort:

Heimel: Fastsett av Vaksdal kommunestyre ….med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1. Føremål

Skulane i Vaksdal har over tid arbeida med verdiane ansvar, omsorg og respekt.

Skulereglane skal gi grunnlag for at elevane utviklar seg i tråd med våre verdiar, og tek medansvar for eit trygt og godt læringsmiljø.

Skulereglane skal bidra til å fremje helse, trivsel og læring for elevane.

Skulen skal samarbeide med elevar og føresette i arbeidet for å nå måla.

Skulereglane skal ivareta den einskilde elev sine rettar og plikter.

§ 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle grunnskulane i Vaksdal kommune. Dei kan ikkje fråvikast.

Skulereglane gjeld i skuletida og omfattar skuletimar, friminutt, SFO, skuleskyss og aktivitetar organisert av skulen.

Skulereglane kan og få verknad i situasjonar nært tilknytt skulen, og der atferda kan ha direkte verknad på skulesituasjonen for elevane. Dette kan vere hendingar og krenkingar som skjer utanfor skuletida som er påverka av opplevingar på skulen, eller set preg på den. Skulereglane gjeld også for den digitale atferda.

Det er forventa at alle følgjer generelle reglar for god atferd. Dette er viktig for å skape eit godt læringsmiljø der alle har det trygt og godt.

Skulereglane sitt innhald skal vere gjenstand for samtale gjennom heile skuleåret. Dette skaper ei god ramme, og verker dannende for eit samla skulemiljø.

Skulen pliktar å gjere tilsette, elevar og føresette kjend med innhaldet i reglementet.

Skulereglane skal gjennomgåast ved skulestart kvart år. Det er rektor som er ansvarleg for at dette blir gjort. Ved eventuell motstrid er forskrift om skulereglar overordna den enkelte skule sine lokale reglar.

Rektor fastset lokale reglar etter medverknad frå elevar og føresette.

§ 3. Skuledemokrati

Elevane og føresette skal få vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen. Dette gjeld blant anna arbeidet med skulemiljø, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjing av skuleregla. Det er naturleg at dette skjer gjennom elevråd og FAU.

Elevråd

Kvar skule skal ha eit elevråd som er valt av elevane på skulen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte (opplæringslova § 10-5).

Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)

Kvar skule skal ha eit arbeidsutval som er valt av føresette på skulen. Føresette kan velje å organisere seg på ein annan måte (opplæringslova § 10-5).

Skulemiljøutval (SMU)

Kvar skule skal ha eit skulemiljøutval (SMU). Utvalet er rådgivande med eit fleirtal av elevar og føresette. Utvalet skal prioritere arbeidet med å skape eit trygt og godt skulemiljø.

Kommunen skal ha eigne rutinar for skulemiljøutval. Utvalet skal ha 3–4 faste møte pr. skuleår, og medlemar er sett saman av:

- to elevar
- to representantar frå FAU
- to tilsette
- ein kommunestyrerepresentant
- rektor (sekretær).

§ 4. Eleven sitt beste, og eleven sin rett til å bli høyrd

Barnekonvensjonen art. 3 og art. 12, Grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17 gir alle barn ein rett til å bli høyrd i saker som omhandlar dei. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn. Det betyr at omsynet til barnet sitt beste alltid skal vurderast. I vurderinga av kva som er eleven sitt beste, vil eleven si oppfatning vere sentral. Det er ein saksbehandlingsfeil dersom ei slik vurdering ikkje er gjort.

Det må alltid vurderast om eleven si mening er kome godt nok fram i saka, eller om rektor sjølv må gjennomføre ein elevsamtale. Barnet har ikkje ei plikt til å uttale seg.

§ 5. Eleven har rett til å

a. ha eit trygt og godt læringsmiljø
b. bli behandla med respekt og omtanke
c. sleppe å bli utsett for fysiske, psykiske, digitale og verbale krenkingar

d. ha sine eigendelar i fred
e. bli kjent med skulereglane, og kva konsekvensane er ved brot
f. ta opp aktuelle saker gjennom klasseråd og elevråd
g. bli tatt med på råd ved endringar i skulereglane.

§ 6. Eleven har plikt til å

a. følge allmenne aksepterte normer for åtferd
b. bidra til at skulen har eit trygt og godt læringsmiljø
c. vise respekt og omtanke for alle i skulemiljøet
d. følgje skulereglane i sin heilskap.

§ 7. Eleven viser god orden ved å

a. møte presis til opplæring og avtalar
b. ha med læremiddel og nødvendig utstyr til læringsarbeidet
c. gjere ein god innsats i skulearbeidet og halde fastsette fristar
d. ta vare på skulemateriell, utstyr og inventar
e. hjelpe til å halde orden på skulen, både ute og inne.

§ 8. Eleven viser god åtferd ved å

a. vise omsyn og respekt for medelevar og tilsette
b. bidra til eit godt læringsmiljø
c. delta i opplæringa og opphalde seg innanfor skulen sitt område
d. behandle undervisningsmateriell forsvarleg og vise respekt for skulen og andre sine eigendelar
e. praktisere godt nettvett og bruke digitale einingar som ein kan kommunisere med, etter gjeldande IKT-reglement eller etter avtale med lærar.

f. respektere forbodet mot private digitale einingar

Skulen tillèt ikkje at elevar bruker mobiltelefon, smartklokke, KI-briller eller anna privat utstyr som kan kommunisere, gjere opptak eller dele informasjon, i skuletida. Læraren kan unnataksvis tillate bruk. Dette gjeld òg tilsvarande teknologi som blir utvikla i framtida.

Kvar skule skal utarbeide lokale reglar for oppbevaring av private digitale einingar i skuletida. Unntak kan i særskilde tilfelle gjerast med heimel i § 4.

§ 9. Åtferd som ikkje er akseptert

a. språkbruk eller handlingar som krenker andre: t.d. mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vald eller trugslar om vald
b. ha med seg eller bruke rusmiddel som t.d. alkohol, tobakk, snus
c. ha med seg eller bruke farlege gjenstandar som kan skade personar, bygningar eller inventar
d. bruke plagg som heilt eller delvis dekker ansiktet, jf. opplæringslova § 27-2.

§ 10. Dette skjer om ein ikkje følgjer skulereglane

Om eleven bryt skulereglane skal eitt eller fleire av følgjande tiltak setjast i verk:

a. påminningar om regelverket
b. samtale med lærer og dialog med føresette
c. møte mellom kontaktlærar, elev og føresette
d. oppfølging av leiinga ved skulen
e. inndraging av gjenstand, gjeld også mellombels inndraging av mobil
f. bortvising etter § 13-1 i opplæringslova
g. heimsending ved alvorlege brot på reglement på leirskule/skuletur
h. nedsett karakter i orden og åtferd
i. pålegg om å rette opp ev. skadane som er utført
– krav om økonomisk erstatning, jf. lova om skadeserstatning
j. Ved alvorlege mobbesaker kan mobbaren verte flytta til annan skule.

Ved alvorlege eller gjentekne regelbrot, der det er aktuelt med sanksjonar skal det fattast vedtak etter forvaltningslova § 2. Eleven har rett til å bli høyrd, føresette skal kontaktast og har rett til å uttale seg før vedtak fattast.

§ 11. Straffbare forhold

Straffbare forhold blir meldt til politiet.

§ 12. Saksbehandling

Eleven si stemme og beste skal vere med i all saksbehandling i skulen. Sanksjonar skal tilpassast regelbrotet, og det skal takast omsyn til elevens alder og evne til å forstå handlingane sine. Eleven har alltid rett til å forklare seg. Før skulen bestemmer kva konsekvensar ei handling får, skal eleven bli høyrd. Skulen skal alltid informere føresette om både hendinga og reaksjonen. Oppfølging av eleven skal skje i samarbeid mellom skulen, eleven og føresette. Ved svært alvorlege hendingar kan skulebytte vurderast, jf. opplæringslova § 13-2.

§ 13. Administrative avgjersle

Kommunedirektøren har mynde til å gjere redaksjonelle og mindre endringar i forskrift om skulereglar i Vaksdal kommune.

§ 14. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft straks.